

# Årsrapport 2020



## Innhald:

Styret si årsmelding for 2020 [side 3]  
 Avdelingar og anlegg [side 4-6]  
 Hovudresultat i 2020 [side 7-10]  
 Forsking [side 11]  
 Forvaltning [side 12-13]  
 Økonomi, gåver og sponsorinntekter [side 14]  
 Økonomi og administrasjon [side 15-16]  
 Organisasjon [side 17-20]  
 Opne publikumsarrangement [side 22-23]  
 Besøkstabell [side 24-25]  
 Rekneskap [side 27-34]

Jærmuseet  
 – møteplassen mellom  
 natur, kultur og teknologi  
 som forvaltar fortida –  
 fangar samtida – formar  
 framtida

# STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2020

## OMTALE AV VERKSEMADA

Stiftinga Jærmuseet blei skipa i 1985 og er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå, samt regionalt vitensenter for Sørvestlandet.

Det er eit konsolidert museum med hovudkontor på Vitengarden, Nærbø i Hå kommune, og driv i dag ulike museumsanlegg i alle dei sju stiftarkommunane.

I 2003 blei Jærmuseet eitt av seks regionale vitensenter utpeika av Kunnskapsdepartementet; i dag eitt av tolv.

Publikum skal oppleva Jærmuseet som relevant, aktuelt og utfordrande.

Jærmuseet er ein vitenskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Museet er ein møteplass mellom natur, kultur og teknologi. Me inviterer publikum til å utforska kunnskap gjennom aktivitetar og opplevingar.

Jærmuseet er både museum og vitensenter. I vitensenter-utstillingane våre legg me derfor vekt på å knytta installasjonar og eksperiment til regionen si historie og aktuelle tema som er viktige og relevante for folk i vår region.



På velkomstfesten for DC-6B. I trappa er Erik G. Braathen (øverst) og Trygve Gjertsen (nedst) frå Braathensfondet saman med styreleiar i Jærmuseet, Endre Skjørestad og ordførar i Sola kommune, Tom Henning Slethei.

Foto: Helge Nyhus



Filmen «Tottori - sommeren vi var alene» hadde premiere 7. august og fekk strålende kritikk. Fleire scener frå filmen var spelt inn på Limagarden.

Foto: Chezville

Vitenfabrikken sitt inngangsparti i vinterdrakt.

Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet



## AVDELINGAR OG ANLEGG

Jærmuseet hadde ved utgangen av 2020 driftsansvaret for 65 kulturhistoriske bygningar, 49 096 gjenstandar, 194 096 foto og 435,84 hyllemeter privatarkiv. Det er ein tilvekst på 333 gjenstandar, 2255 foto og 13,79 hm privatarkiv. 102 gjenstandar er avhenda og 3 212 foto er tilbakelevert Rogaland Krigshistoriske Museum.

Stiftinga Jærmuseet eig anlegget Vitengarden med Kvia 4H- og museumsgard og Audamotlandstunet. Her ligg òg nytt administrasjonsbygg og underjordisk magasin. Museet eig i tillegg ei halmluta (lager) på Refsnes.

I tillegg forvaltar museet ei rekke bygningar og anlegg i kommunal eige, og leiger to lagerbygg i privat eige.

Per 31.12.2020 hadde me driftsansvaret for desse avdelingane og anlegga:

- Administrasjonsbygg og underjordisk magasin, Nærbø

- **Vitengarden**, Nærbø, med museumsgarden Kvia 4H-gard og den historiske garden Audamotland.

- **Vitenfabrikken**, Sandnes, med Krossens havremølle, det historiske tunet Tranegården på Austrått, snikkarverkstaden på Vagle og fleire kvernhus.

- **Science Circus**, Jærmuseet sitt ambulerande vitensenter som oppsøker skular i heile Rogaland.

- Vitengarden, Vitenfabrikken og Science Circus utgjer til saman det regionale vitensenteret for Sørvestlandet («Vitensenteret Sør-Vest»).

- **Hå bygdemuseum** med gjenstandssamling, Varden Sjøredningsmuseum, gardsanlegget Grødaland, Motlandsmia, tre naust og ei kvern på Nord-Varhaugstranda.

- **Gjesdal bygdemuseum** med samlingar, Limagarden bygdetun, Gjesdal Ljåfabrikk, eit bakstehus, ei kvern og ei utløe.

- **Klepp bygdemuseum** med samlingar, eit skulehus og eit folgehus på Haugabakka.

- **Randaberg bygdemuseum** sine foto- og gjenstandssamlingar og Vistnestunet.

- **Tungenes fyr**, inkludert Sjøbruksmuseet i Tungevågen, som òg er ein del av Kystverkemusea, etatsmuseet for Kystverket.

- **Nasjonalt Garborgsenter** samlokalisert med Time bibliotek på Bryne.

- Forfattarheimane til Arne Garborg, **Garborgheimen** og **Knudaheio** i Time.

- **Flyhistorisk Museum Sola**, med foto- og gjenstandssamling, Flyhangaren, 720-brakka og **Torpedoverkstedet** i Sømmevågen, Sola.

- Jærmuseet forvaltar det statlege kulturminne- og friluftsområdet **Hanabergsmarka** på 670 dekar i Hå.

Jærmuseet har elles rapporteringsansvar for Hå gamle prestegard (HGP) til museumsstatistikken. HGP mottar årleg 1 million kroner frå staten gjennom Jærmuseet.

Jærmuseet legg vekt på å ha ei aktiv forvaltning av bygningar og anlegg i alle stiftarkommunane, og vil styrka den lokale forankringa gjennom aktiv nettverksbygging til vertskommunar, lokalt og regionalt næringsliv, organisasjonar, skular og lokalbefolkninga.

### 2020 - eit unntaksår

Som alle har erfart, har 2020 vore eit svært spesielt og utfordrande år. Frå midten av mars opplevde me ein unntakstilstand. Utstillingopningar, publikumsarrangement og anna formidling måtte avlysast, eller settast på vent. Nedstenginga fekk òg ringverknader for andre arbeidsområde i museet. I mars var det uvisst kor lenge denne unntakstilstanden ville vara. Med strenge smittevernreglar, påbod om heimekontor og dystre



← Det nye administrasjonsbygget på Nærbø er teikna av Helen&Hard. Her er bibliotek og kontor i andre etasje.

Foto: Victoria Bergort, Byggelaget


→ Frå Vistnestunet og aktivitetdagen «Traktor- og korndag».

Foto: Unn Iren Skretting Thorsen, Jærmuseet



Dionne Elizabeth og Ketil Kinden Endresen i skogen som vart laga til på Garborgsenteret i samband med utstillinga «Haugtussa: eit skogsbad».

Foto: Ørjan Zazzera Johansen, Jærmuseet



I 2020 fekk Jærmuseet tildelt det femte talentsenteret i realfag. Me gledde oss til å møte 61 elever frå ungdomssteget, men måtte ty til digital gjennomføring, noko både elevane og pedagogane Marianne Hægstad Risdal og Jørn Hafver tok på strak arm.

Foto: Skjermdump, Jørn Hafver, Jærmuseet

## «JÆRMUSEET FORMIDLAR KUNNSKAP GJENNOM OPPLEVING, DELTAKING OG UTFORSKING»

Alle 9. klassingar i Sola får eit innblikk i 2. verdskrig i Sola gjennom den nye utstillinga på Torpedoverkstedet, «Fortellinger fra andre verdenskrig»

Foto: Per Inge Bøe, Jærmuseet



## HOVUDRESULTAT I 2020

### FORMIDLING

Jærmuseet har 12 opne publikumsanlegg, av desse er Vitenfabrikken, Vitengarden og Garborgsenteret heilårsopne. Det var særleg formidlingsaktivitetane våre som blei ramma av nedstenging og strenge covid-19-tiltak.

Ein del arrangement blei likevel gjennomført før alle anlegga våre blei stengde frå 13. mars. I månadsskiftet april/mai kunne ein gradvis opna for skular og barnehagar, etter kvart også for fritidspublikummet. På Vitengarden og Vitenfabrikken blei skulane og SFO prioriterte fram til sommarferien. Alt i alt fekk me gjennomført langt fleire formidlingsopplegg, og nådde eit langt større publikum enn det me frykta våren 2020, sjølv om dei fleste aktivitetsdagar og publikumsarrangement måtte avlysast. Trass i godt sommarbesøk blei det samla besøkstalet likevel redusert med 37% samanlikna med 2019.

I januar blir det arrangert årlege **Garborgdagar** i Time kommune, der Garborgsenteret er hovudarrangør saman med Time kommune. Tiltaket er støtta av Norsk kulturråd og Rogaland fylkeskommune. 1227 personar deltok på Garborgdagar 2020, fordelt på 15 arrangement.

I januar og februar hadde Garborgsenteret utstillinga *Haugtussa – eit skogsbad*. Utstillinga var ein kunstinstallasjon der ein fekk oppleve komponist Ketil Kinden Endresen si nytolking av Edvard Griegs *Opus 67*, songsyklusen *Haugtussa*.

Garborgsenteret etablerte eit samarbeid med 2. og 3. klasse på Medium og kommunikasjon på Bryne vgs om å bidra med innhald til den kommande utstillinga *Verdas rikaste land*.

prognosar for eigeninntekter resten av året, såg me oss nøyde til å permittera, heilt eller delvis, personalet som var knytt til kommersielle aktivitetar og andre publikumsoppgåver. Nedstenginga førte òg til interne omprioriteringar og nye arbeidsmåtar. Fleire vedlikehaldsprosjekt og fornyingstiltak blei utsett, og meir ressursar blei brukt på samlingsforvaltning og digital formidling. Den digitale kompetansen blei styrka, og bruken av digitale møteformer og digitale arbeidsverktøy vil ha ein varig verknad på arbeidet i museet. Alle tilsette var tilbake i full jobb innan 1. juni.

Trass i permitteringar, restriksjonar på aktivitetar og skiftande smittevernreglar, har personalet i museet gjort ein storarta jobb der det var mogleg. Også i 2020 har me fått løyst mange oppgåver og komme i hamn med fleire store prosjekt.

Utover våren lanserte regjeringa ei rekke krise-pakkar. Ingen av dei inkluderte museum med over 60 % offentleg finansiering, før kulturministeren endeleg kom med koronapengar til musea heilt i slutten av mai.

Mindre smittetrykk i sommarhalvåret, og nordmenn på norgesferie, førte til ein god sommar for anlegga våre. Juli 2020 blei den beste publikumsmånaden nokon sinne for Jærmuseet! Jærmuseet kunne derfor ta fatt på hausten med ein heilt annan finansiell situasjon enn prognosane tilsa i mars.

### Talentsenter

Noko av det me er mest fornøgde med i 2020, er at Jærmuseet fekk tildelt det femte talentsenteret i realfag. Målgruppa for talentsentera er elevar med stort læringspotensial. Talentsentera skal bidra til å auka desse elevane si læring og motivasjon i matematikk, naturfag og teknologi.

Arbeidet starta opp hausten 2020. 61 elevar frå ungdomssteget fekk plass. Dei blei fordelte på tre grupper, og det blei gjennomført tre samlingar per gruppe. På grunn av covid-19 var alle samlingane digitale. Talentsenteret ved Jærmuseet har knytt til seg fleire eksterne samarbeidspartar, i hovudsak skulelaboratoriet ved Universitetet i Stavanger, Høgskulen på Vestlandet, avd. Haugesund og eit par private aktørar.

To studentar frå UiS sitt masterprogram i utdanningsvitskap, i matematikdidaktikk, skriv masteroppgåve knytt til talentsenteret.

Elevane dokumenterte sin eigen kvardag i bilde, og gjennomførte ei spørjeundersøking om barn og barnefattigdom på Jæren. Utstillinga er opphavleg laga av MUST / Norsk barnemuseum og opnar i januar 2021.

**Sandnes Skaperfestival** gjekk over to dagar i februar. Her møttest oppfinnarar, kunstnarar, forskarar, hackerar, handverkarar og heime-snikrarar, barn og unge, skular og barnefamiljar. Festivalen er ein del av det nasjonale prosjektet Skaperskolen, eit fellesprosjekt for dei regionale vitensentera og Naturfagsenteret, finansiert av Sparebankstiftelsen DNB. Laurdag 8. februar hadde me open dag med gratis inngang for alle under 20 år. Over 700 besøkande fekk oppleve skaparfestivalen denne dagen.

Vitenfabrikken og Garborgsenteret hadde også i år gratis museumslaurdag under Forskingsdagane i september.

Utstilling om *sjøredningstenesta* på Jæren opna på Tungenes fyr i februar 2020. Utstillinga har tidlegare vore på Kvassheim.

I **Torpedoverkstedet** i Sømmevågen var utstillinga «Fortellinger fra andre verdenskrig» ferdig seinhausten 2019, og me rakk å gjennomføra DKS-opplegg for alle 9. klassingane i Sola vinteren 2020. Sparebankstiftelsen SR-bank sitt gåvefond har gitt økonomisk støtte til utstillinga.

Sola kommune og Jærmuseet markerte 75-års jubileet for frigjeringsdagen gjennom ei felles tilstelling 8. mai som òg blei strøyma på Facebook. Arrangementet begynte ved minnesmerket over dei russiske krigsfangane på Åsen der ordførar Tom Henning Slethei heldt minnetale og la ned krans.



← Den regionale kunnskaps- og teknologikonkurransen First Lego League vart gjennomført digitalt med ei seks timars sending – med studio på Vitenfabrikken. På biletet er tekniskar Asbjørn Rørvik saman med Stavanger fotoklubb.

Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet

→ Det var ein stor operasjon, og mange involverte, då DC-6B i august vart flytta over vegen frå flyplassen og til Flyhistorisk Museum Sola.

Foto: Helge Nyhus



Deretter kørde 15 militærhistoriske køretøy frå HMK (Historiske Militære Kjøretøyers forening) i kortesje frå Åsenbatteriet til Sømmevågen, og danna såleis ei flott visuell ramme rundt markeringa. Ved Torpedoverkstedet var det fleire talar, mellom anna frå NVIO (Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner). Publikum fekk omvising i utstillinga i mindre grupper

**DC-6B-flyet:** Jærmuseet hadde tidlegare inngått avtale om kjøp av DC-6B frå transportselskapet Everts Air Cargo i Alaska. Fallet i kronekursen i koronakrisa gjorde at gåva på 3,8 millionar frå Ludvig G. Braathens fond til fremme av norsk luftfart ikkje lenger var tilstrekkelege for å gjennomføra kjøpet, og flykjøpet blei sett på vent. I løpet av april tok saka ei ny vending. Hundekøyrar Thomas Werner sat fast i Alaska med hundane sine etter å ha vunne hundekøyringsløpet Iditarod. Hovudsponsoren

hans, Aker Biomarine, var villig til å betala 250 000 kroner for at hundekøyrar med hundespenn skulle få fly med DC-6 til Sola. Elles løyvde Avinor 100 000. Dermed kunne DC-6B landa på Stavanger lufthamn, Sola 2. juni.

4. august blei flyet flytta frå flyplassen og stilt opp utanfor museet i Sømmevågen. Stor takk til Avinor og mange gode samarbeidspartar som bidrog til ein vellukka operasjon. 2. september var det offisiell velkomstfest med inviterte gjester, representantar frå Braathensfondet og Braathens-veteranar, Avinor, gode samarbeidspartar og våre egne frivillige.

**Ny astronomiutstilling:** I 2020 fekk Vitenfabrikken ei generøs gåve frå Sandnes sparebanks gåvefond på kr 750 000 til ny astronomiutstilling. Me håpar at utstillinga kan opna i løpet av 2021.

## FORMIDLING TIL BARN OG UNGE

Jærmuseet kjenner eit stort ansvar for formidling til barn og unge. At me i 2020 hadde vel 35 000 barn og unge i organisert formidling, er me svært fornøgd med. Dette er vel halvparten av det me hadde i 2019.

I alt tilbyr me 255 formidlingsopplegg frå barnehage til universitet.

Ei hovudsatsing i perioden 2018–23 er Den teknologiske skulesekken med Super:bit, ei nasjonal satsing på koding og programmering i skulen finansiert av UDIR og Kunnskapsdepartementet. Tilbodet skal ut til alle skular i heile landet. Super:bit er sett saman av fleire element: lærarkurs, forarbeid, eit besøk på eller av eit vitensenter, og etterarbeid. Jærmuseet starta utprøving hausten 2018 og har stått for utviklinga av undervisningsopplegget som blir brukt av vitensentera i heile Norge. Etter 12. mars måtte mange skulebesøk avlysast på grunn av korona. Men sidan mai 2020 har ein kunna gjennomføra besøk, sjølvstilt med strenge smitteverntiltak. Frå september 2019 til 31. desember 2020 har Jærmuseet levert tilbodet til 126 skular, 244 klassar, og 5511 elevar – over 80 % av elevtalet på 6. trinn i Rogaland! 485 lærarar har vore på kurs.

## KODEKRAFT

Rett før påske 2020 inngjekk Equinor og Viten-senterforeninga eit samarbeid om å utvikla eit programmeringsopplegg for 10. trinn finansiert av Equinor. Gjennom eit energispel lærer elevane seg grunnleggande programmering, og må samstundes reflektera over verdas energiutfordringar. Undervisinga er digital, og elevane blir følgt gjennom opplegget av ein formidlar på eit vitensenter. Første utprøving blei gjort i mai 2020, og informasjon om opplegget blei sendt ut til skular i august. Jærmuseet har vore sentrale i utviklinga av opplegget. I løpet av 2020 har Jærmuseet hatt 987 tiandeklassingar, fordelt på 57 klassar, med på dette opplegget.

## SAMARBEID MED UIS:

- Krigsveka: Jærmuseet har utvikla eit godt samarbeid med Universitetet i Stavanger (UiS), med samarbeid om fleire undervisningsopplegg, utvikling av lærarkurs og praksisutplassering. Samarbeidet om formidling av lokal krigshistorie, frå første verdskrigen til den kalde krigen for 60 lærarstudentar ved Samfunnsfag 2, heldt fram i 2020. Dette er eit opplegg over fem dagar.
- Garborgsenteret har hatt ein praksisstudent frå lektorprogrammet ved UiS tre veker i november.
- UiS ved skulelaboratoriet er ein god samarbeidspart for talensenteret.



Skaparfestivalen vart arrangert for første gong på Vitenfabrikken. Mange skaparar fekk både vist fram sine egne hobbyar og fekk bli kjent med nokre nye.

Foto: Rokas Kerpauskas, Vågen vgs



Vitengarden var med på Hå kommune si digitale 17. mai feiring. Museumspedagogane Tormod Aass Nesheim og Silje Andreassen Berge laga is med flytande nitrogen.

Foto: Skjermdump, June Line

## TIL ELEVAR I HEILE FYLKET

Som regionalt vitensenter for Rogaland, har Jærmuseet eit ansvar for å nå skular i heile fylket. Jærmuseet sitt omreisande vitensenter, **Science Circus**, fekk på langt nær gjennomført turné-programmet som planlagt. Likevel fekk dei i 2020 besøkt heile 22 av 24 Rogalandskommunar, og gav eit tilbod til 5928 skuleelevar og 923 lærarar. Desse elevane var fordelt på 81 forskjellige skular med 99 separate skulebesøk. I tillegg blei det arrangert 17 lærarkurs. Men både Vitengarden, Vitenfabrikken og Garborgsenteret når elevar frå mange kommunar. Takka vera prosjektmidlar kunne me tilby gratis transport til Vitenfabrikken og Vitengarden for heile 1895 elevar frå ulike kommunar.

## ANNA FORMIDLING TIL BARN OG UNGE

Vitengarden, Vitenfabrikken og Garborgsenteret tilbydde særskilde tema-aktivitetar i vinterferien og haustferien med god oppslutning.

I samarbeid med dei respektive kommunane har Jærmuseet også i 2020 hatt ansvaret for ferieklubar på Grødaland, Limagarden, og Vistnestunet. Til saman seks veker med 25–30 barn kvar veke. Vitenfabrikken og Vitengarden har samarbeid med Fiks Ferigge Ferie, Kongesommer og SFO.

Fleire av museet sine avdelingar er òg arena for ulike arrangement eller konkurransar for ungdom: Regional finale i Unge Forskarar og regional Nysgjerrigperdag (Vitengarden) blei avlyst i 2020. Nysgjerrigperkonkurransen blei likevel gjennomført, og Jærmuseet sat i juryen.

Matematikk-konkurransen «Kodeknekkeren» for vidaregåande skular på Vitenfabrikken blei utsett til juni. I år var det ein 3. klasse ved Tryggheim vgs som gjekk av med sigeren. Den regionale finalen i First Lego League blei som vanleg gjennomført på Vitenfabrikken. I 2020 var denne finalen digital.

Den årlege fordjupingsmeisterskapen i norsk for vidaregåande på Garborgsenteret blei avlyst på grunn av korona.

10 skular i Rogaland er med i Lektor 2-ordninga, der Jærmuseet har koordinatrorolla.

Institusjonar for personar med særskilte behov kan kjøpa velferdskort. Dette blir flittig brukt på fleire anlegg. Jærmuseet er òg med på ordninga med følgjeprova for funksjonshemma og kommunale

aktivitetskort, eller opplevingskort. Dette gir gratis inngang fleire gonger i løpet av året til barn og unge i familiar med låg inntekt. Dei kan òg ta med ein venn eller ein vaksen på kortet. Hovudmålet med aktivitetskortet er å bidra til inkludering og utjamning av sosial ulikskap.

Totalt hadde Jærmuseet 119 249 gjester i 2020, av dette var vel 28 % barn og unge i organiserte opplegg. Samla besøk på vitensenteravdelingane var 83 061.

## DIGITAL FORMIDLING

Museet auka bruken av digitale kanalar for formidling, spesielt i perioden museet var stengt. Me starta allereie fire dagar etter stenging, med å publisera filmsnuttar med aktivitetar som barn kunne gjera saman med foreldre, når dei hadde heimeskule og heimebarnehage.

Filmane ligg på museet sin YouTube-kanal og blei òg publisert på sosiale medium og nettsida. Teikneserien *Huldas Heimestell*, som er utvikla og produsert av Garborgsenteret, blei ein sentral del av senteret si formidling på sosiale medium under pandemien på våren.

For å fremma folkehelsa, minna me publikummet vårt om friluftsområda våre, Hanabergsmarka med orienteringsløype og kulturpunkt ved Vitengarden, og Garborgløypa i Time, kor det er plassert ut QR-kodar ein kan skanna med mobilen og få opp informasjon og kulturelle opplevingar. Hå kommune hadde digital 17. mai-sending på nett, kor Vitengarden bidrog med nitrogenshow og islaging.

Fleire artiklar og nettutstillingar har blitt publisert på nettsida og på Digitalt Museum. I november vart kunnskaps- og teknologikonkurransen First Lego League gjennomført digitalt med seks timars direktesending der Vitenfabrikken var basen for live-strøyming og dommarpanel.

I desember laga me digital adventskalender kor tilsette tok over Jærmuseet sin instagramkonto, og viste historier frå sin arbeidskvardag. Målet var å visa fram ulike arbeidsoppgåver i eit museum. I nybygget har me investert i nytt utstyr for digitale møte, og me har klargjort strøymestudio med alt som trengs for direktesendt formidling. Frå studioet er det testa og laga fleire ulike digitale undervisningsopplegg. Den digitale formidlinga når langt ut over Jærmuseet sitt primærområde.

## FORSKING

Jærmuseet har dei siste åra arbeidd systematisk med å auka den faglege og vitskaplege kompetansen i organisasjonen, ved at medarbeidarar deltar i dokumentasjons- og forskingsprosjekt eller i etter- og vidareutdanning.

Ein medarbeidar held fram med PhD-prosjektet «Kunnskap og praksisar. Ein studie av kjemiske middel i norsk jordbruk på 1900-talet». Prosjektet starta 1. mars 2017. Disputas skal vera våren 2022

I 2020 fekk Jærmuseet sitt andre doktorgradsprosjekt, knytt til NTNU, med temaet: «*For våre kamerater: En studie av den kalde krigen gjennom flygernes narrativ*».

Minnebank: Ein minnebank er etablert som del av dette doktorgradsprosjektet. Minnebanken består av forskingsintervju, notat frå samtalar, biletmateriale og andre private minne og dokument frå flygarane sine eigne samlingar. Kortfatta personomtalar av flygarane blir lagt ut på heimesida til Jærmuseet.

I samband med 300-årsjubileet for den statlege losordninga i 2020, starta Kystverkmusea i 2019 opp eit forskingsprosjekt om loshistoria. Jærmuseet har hatt prosjektleiinga. Prosjektet er eit samarbeid med Museum Vest, Museum Stavanger og Høgskulen i Volda, og skal resultera i ei artikkelsamling utgitt av



Til høgre viser dei to flygarane Tor Johannessen og Nils Peder Lossius frå 334 skvadron under eit besøk på den svenske flybasen Barkarby 2. juni 1955. Til venstre ser me dei to igjen, 65 år seinare. Begge blei i 2020 intervjuja som to av 54 flygarar i samband med museet sitt doktorgrads- og minnebankprosjekt. Museet har òg samla inn og registrert fleire tusen foto frå dei private fotosamlingane til desse flygarane.

Foto (t.v.): Sondre B. Hvam, Jærmuseet  
Foto (t.h.): Nils Peder Lossius-samling, Jærmuseet

Jærmuseet skal driva forskning og kunnskapsutvikling med vekt på samtid og nær fortid, og auka den faglege og vitskaplege kompetansen i organisasjonen.

Museumsforlaget. Boka kjem våren 2021.

Museet starta i 2019 opp eit dokumentasjonsprosjekt om «*Humleoppdrett*», der me har intervjuja personar som var med å starta opp organisert humleoppdrett i Norge. Arbeidet fortsette i 2020, og vil bli avslutta i 2021. Materiale vil kunna danna grunnlag for ein artikkel og ei mindre utstilling.

Utstillinga *Øglænd i 150* er òg følgt opp med dokumentasjonsprosjektet Damene hos Øglænd, med intervju av tidlegare tilsette. Ein er i dialog med UiS om moglege masteroppgåver knytt til prosjektet.

Ein student ved Universitetet i Sørøst-Norge (USN) har studert aktiviteten i Makerspace og skrive masteroppgåva: «*Skaperglede i skaperverksted. Hvordan kan skaperglede komme til uttrykk og utfolde seg i et skaperverksted?*»

Garborgsenteret skreiv ein vitskapleg artikkel om rollespelet Strid i *Journal of Museum Education*, i ei utgåve om nyskapande pedagogiske opplegg ved forfattarmuseum.

To av medarbeidarane i Science Circus, og ei på Vitenfabrikken, fullførte i 2020 studiet *Læring i interaktive utstillinger* ved HVL (15 stp).



Jærmuseet skal legga samlingane til rette slik at dei kan formidlast i dag og i morgon.

## FORVALTNING

Strategiplanen 2014–2020 har eit hovudfokus på samlingsforvaltning.

Museet sine samlingar består av gjenstandar, arkivmateriale, intervju og anna minnemateriale, bygningar, kulturlandskap, hageanlegg og gamle husdyrrasar.

Med mellombels bruksløyve for det **underjordiske magasinet** på Vitengarden frå november 2019 var 2020–2022 planlagde som dei store flytteåra. Åtte eksterne lager, mest med store jordbruksreiskap, skulle tømmast. Covid-19 forsinka prosjektet, men likevel blei eit stort og to mindre lager tømt i 2020. Flyttesjauen omfatta også utveljing og kassasjon, reingjering, fotografering og revidering i gjenstandsdatabasen Primus. Etter revidert plan blir flyttearbeidet avslutta i 2023.

Gjenstandane i Knudaheio blei også registrert og nokre restaurert.

Tidvis heimekontor for Samling og Dokumentasjon, forsterka med medarbeidarar frå andre avdelingar, blei nytta til publisering i Digitalt Museum, utarbeiding av bevaringshandboka og revisjon av 17 000 postar i Primus. I alt blei 21 610 postar revidert i 2020.

Sparebankstiftelsen SR-bank løyvde 500 000 kroner til ein mesanin som aukar arealet i underjordisk magasin med 400 m<sup>2</sup>. Den blei montert på haustparten.

I 2020 kom me godt i gang med å planlegga det nye studiemagasinet. Arkitekt har utarbeida innreiingsforslag. Museet treng ekstern finansiering for å fullføra prosjektet.

**Arkiv og foto:** Bibliofil blei kjøpt inn som nytt biblioteksystem. Det er eit brukarvennleg system som gir dei tilsette mykje betre oversikt over litteraturen i museet. Fotoarkivaren i Museumstjenestene digitaliserte og registrerte nærare 500 fotografi frå Stavangerflint AS i Primus. Me leverte tilbake fotosamlinga til Rogaland Krigshistoriske Museum. Arbeidet med å registrera privatarkiva i ASTA og i Arkivportalen blei nedprioritert på grunn av mindre personalressursar i arkiv og foto i 2020.

Frå 2015 har museet prioritert å **sikra dei antikvariske bygningane** i kommunane mot innbrot og brann. Sikringsplanen blir årleg oppdatert og justert. I 2020 blei planen rullert og desse tiltaka er gjennomførte:



← I samband med at nytt vasståkeanlegg vart installert på Limagarden, var det ein del gravearbeid.

Foto: Håvard Obrestad Wøien, Jærmuseet

→ Ti flotte ungdommar med flykningbakgrunn vart engasjert på Vistnestunet for å rydda i utmarka. Prosjektet var eit samarbeid med Jæren Friluftsråd.

Foto: Unn Iren Skretting Thorsen, Jærmuseet



- Felles kortbasert adgangskontrollsystem i administrasjonsbygget, underjordisk magasin, Audamotland, Grødaland, Garborgheimen, Limagarden og Vistnestunet.
- Brannvarsling i: Ljåfabrikken og Sjøbruksmuseet
- Innbrottsanlegg og ITV-kamera i: Torpedoverkstedet.
- Sprinkling/vasståke i: Garborgheimen blei ferdig og Limagarden sett i gang.
- Ni brannsikre skap til eldsfarlege væsker blei fordelt på anlegg og avdelingar.
- Til desse tiltaka har Kulturrådet og Stiftelsen UNI samla løyvd kr 1 983 000.
- Time kommune har løyvd kr 660 000 til vasståkeanlegget i Garborgheimen

**Tranegården:** Det er gjort grundige undersøkingar for å finna rett oppvarmingsmetode. Søknad til fylkeskommunen om dispensasjon frå fredningsbestemmingane er ferdig. Prosjektet er finansiert av Sandnes kommune.

### Anna vedlikehaldsarbeid:

**Vitengarden:** Delar av kledningen på løa og grishuset er skifta. Det er installert varmpumper i utstillingshallen og kontora. Etter at administrasjonen flytta i nybygg, er nokre rom frigjort og bygd om til undervisning og anna type formidling. Årleg skjøtsel av uteområdet og Hanabergsmarka.

**Vitenfabrikken:** I samband med nye utstillingar er 2. etasje blitt oppgradert. Mellom anna er ei trong stålvindeletrapp skifta ut med ei brei eikettrapp.

**Krossens havremølle:** Dårlege golvparti i alle etasjar er bytta ut. Alle golv er slipte og lakkerte. Det er installert varmpumpe i underetasjen.

**Motlandsmia:** Kopiar av vindauge og dør er blitt bygde.

**Limagarden:** I samband med installering av vasståkeanlegg er det elektriske anlegget oppgradert og utvida. Låvebrua og rommet under er sett i stand til sprinklarsentral. Blekkhuset er isolert og blir kledd innvendig.

**Vistnestunet:** 10 ungdommar med flyktingbakgrunn jobba sommaren 2020 med å rydda i utmarka. Jærmuseet organiserte og Jæren friluftsråd finansierte. Friluftsrådet var svært nøgd med resultatet. Arkitekt har utarbeida forslag til ominnreing av låven med eit oppvarma undervisnings- og kaférom, større kjøkken og fleire toalett. Kommunen har sett av midlar til prosjektet. Gardshusa er behandla mot borebiller.

**Administrasjonsbygget** var i hovudsak ferdig til innflytting sommaren 2020. Ut over hausten kom alt og alle på plass, inkludert biblioteket på 9 000 band. Handverkarane stod sjølve for innreing av snikkarverkstaden. Opparbeiding av området utanfor bygget blei utført hausten 2020. I samband med flyttinga blei IPM, integrert skadedyrkontroll, sett i verk på heile Vitengarden.

### Konserveringsteamet («Konservatorene»)

Prosjektet til samlingsteamet for Rogaland frå 2014 blei avslutta i 2019. Frå 2020 blei det i staden oppretta ei permanent konserveringseining med tre gjenstandskonservatorar, som har verkstad i magasinet til Norsk Oljemuseum i Dusavika. Jærmuseet held fram som arbeidsgjevar. Konservatorane utgjer Museumstjenestene i Rogaland, saman med fotoarkivaren på Haugalandmuseet og bygningsantikvaren på Ryfylkemuseet. Dei tilsette i Museumstjenestene arbeider med sine spesialiserte felt for alle regionmusea i fylket og Norsk Oljemuseum. Rogaland fylkeskommune står for finansieringa.



← Prosjektsjef Per Inge Bøe (t.v.) saman med Torleif Hodne som gav museet store deler av si juletréfot-samling. Den eldste foten er frå 1890-tallet, mens dei nyaste er fortsatt i produksjon i dag. Foto: Hannah Erslund, Jærmuseet

→ Etter å ha stått lagra i 20 år, kom den tidlegere Møllebilen til Krossens Havremølle ut i lyset igjen. Nå skal den gjerast køyrbar slik at den kan bli brukt i formidlinga av Sandnes byhistorie. Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet



Jærmuseet arbeider med å styrka grunnlaget for eigeninntekter, og legg til rette for godt samarbeid med næringslivet.

## ØKONOMI, GÅVER OG SPONSOR-INNTEKTER

### Gåver, sponsor og prosjektmidler

Jærmuseet har eit godt samarbeid med private verksemdar i regionen. Dei siste åra har me hatt færre faste sponsoravtalar som er knytt til drift. Storparten av dei gåve- og sponsormidlane er knytt til tidsavgrensa prosjekt, eller eingongsbeløp. Samstundes er det gildt å sjå at ingen av dei faste avtalane våre så langt har blitt påverka av pandemien.

Gåve- og sponsorinntektene for 2020 auka med mest 50%, og heile ni bedrifter har bidrege med prosjekt eller driftsstøtte på til saman 9 549 615 kroner, mot 4 817 792 kroner i 2019. Dette heng i stor grad saman med gåva me fekk frå Ludvig G. Braathens fond til fremme av norsk luftfart, øymerka kjøp av eit utrangert DC-6B-fly.

I tillegg har me motteke heile 14 697 020 kroner i prosjektstøtte frå ulike offentlege instansar. I desse ligg blant anna tilskot frå Rogaland Fylkeskommune på 3 090 000 kroner til Konserveringsteamet, 1 300 000 kroner frå

Utdanningsdirektoratet til Talentsenter, 700 000 kroner frå Sandnes kommune til magasinerings av gjenstandar frå gamle Sandnes museum, 750 000 kroner frå Kunnskapsdepartementet til Den teknologiske skolesekken, samt 950 000 kroner i sikringsmidlar frå Kulturrådet. I tillegg fekk me til slutt kompensasjonsmidlar knytt til covid-19 frå Kulturdepartementet. Desse midlane kom etter mest tre månader med nedstenging og stor usikkerheit knytt til økonomien.

Tidleg permittering av fast personale, vakante stillingar, vesentleg lågare pensjonskostnader og ein god sommarsesong, bidrog til eit uventa høgt overskot for året. Samstundes er det knytt stor usikkerheit til 2021, både med tanke på laust besøk og ikkje minst bedriftsmarknaden. Etter finanskrisa i 2014 opplevde me at det tok fleire år før grupper og arrangement var tilbake på «normalt» nivå, og me fryktar at det kan skje igjen. Covid-19- midlane er derfor førebels prosjektført i rekneskapen og er tenkt nytta som buffer i 2021 og 2022, slik at me kan oppretthalda normal drift.



← Borddekking med avstand! Vitengarden merka god etterspurnad etter privat utleige då folk ikkje hadde plass til å dekkja med 1 meter avstand i egne heimar. Her er det klart til konfirmasjon.  
Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet

→ Jærbakeren lanserte Garborgbrød! Her dagleg leiar Fredrik Holst saman med avdelingsdirektør på Garborgsenteret, Inger Undheim.  
Foto: Emilie Amdal Gjesteland, Jærmuseet



## ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

### Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

I 2019 auka dei kommersielle inntektene i Jærmuseet samanlikna med 2018. I starten av 2020 vedtok styret ein ny forretningsplan. Måla i forretningsplanen var å auka eigeninntektene i framtida. Samstundes budsjetterte me måltal som var noko høgare for 2020 enn 2019. Dessverre blei verda og Norge råka av covid-19-pandemien i mars, og me stengde anlegga våre i tre månader. Dette fekk sjølvstøtt store verknadar for inntektene, og me var nødt til å leggja måltala førebels på is. Når me endeleg fekk opna til sommarsesongen enda me opp med ein rekordsommar. Gode besøkstal gav tilsvarande gode eigeninntekter frå kafé og butikk, og begrensa det totale tapet. Samstundes førte smittevernrestriksjonar og økonomisk nedgang til at bedriftsmarknaden tørka ut. Oppgang i private arrangement på Vitengarden kunne ikkje kompensera for tapet me opplevde på Vitenfabrikken, og arrangement og utleige fekk ein total nedgang på heile 67 %. Inntekter frå kafé og butikk hadde ein nedgang på 14 %, medan billettsalet berre gjekk ned 5 %.

### Kostnader

Dei totale kostnadane er ned 6 %. Dette skuldast i hovudsak at lønskostnadane er redusert med heile 14 %. Då me blei råka av pandemien og anlegga blei stengde, såg me ingen annan utveg enn å permittera delar av det faste personale, samt helgevertane våre. Samstundes har me hatt nokre stillingar vakante i kortare periodar som følgje av at medarbeidarar har slutta eller gått av med pensjon. I tillegg blei pensjonskosten ein del lågare enn budsjettert. Dette skuldast at me har skifta pensjonsordning, noko som gjorde det vanskeleg å forutsjå dei reelle kostnadane.

Driftskostnadane elles varierer til dels mykje i forhold til året før. Til dømes har me stor nedgang i postar som «Varekost» (23 %), «Reiser og kurs» (53 %) samt «Kjøpte tenester (37 %)». Dette heng naturleg saman med eit mykje lågare aktivitetsnivå. Samstundes er enkelte postar høgare, til dømes «Driftskostnadar bygg/anlegg» (36 %) og «Produksjon utstillingar» (68 %). Fleire nødvendige tiltak på byggsida hadde stått på vent lenge, og etter sommaren såg me at me hadde rom for å gjennomføra fleire av desse.

Avdelingsdirektør på Vitenfabrikken, John Arne Frafjord fekk besøk av Rune Jåthun frå Sandnes Sparebank sitt gåvefond. Med seg hadde han ei gåve på 750 000 kroner til ny astronomiutstilling.

Foto: Heidi Elin Nupen, Sandnes Sparebank



Sparebankstiftelsen SR-bank gav ei gåve på 500 000 kroner til mesanin i nytt underjordisk magasin.

Frå venstre: Direktør Målfrid Snørteland, Ståle Hoff frå SR-bank, prosjektsjef Per Inge Bø, avdelingsdirektør Hans Dybvad Olesen, Ellen Insteffjord frå Sparebankstiftelsen SR-bank og tekniskar Endre Ueland.

Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet





← Det er for tida eit generasjonsskifte i Jærmuseet, og me er inne i ei tid der fleire går av med pensjon. I 2020 takka museet blant anna av handverkar Ted Johnny Taraldsen for mange gode år i museet.

Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet

→ Kokk Vidar Skjerahaug og marknadssjef Elin Ravndal Bell var med på Fjord-Norge sin stand på Grüne Woche i Berlin, ei av verdas største matmesser.

Foto: Ukjend



### Finansar og risikovurdering

Låge renter kombinert med noko dårlegare likviditet som følge av fleire store byggeprosjekt, gjorde at renteinntektene gjekk ned samanlikna med 2019. Samstundes har positiv kontantstraum gjort sitt til at likviditeten er betra i løpet av året. Me har valt å fornya bankavtalen som me har felles med Hå kommune, ein avtale som gir betre vilkår enn marknadsrenta.

Leiinga i Jærmuseet vurderer den finansielle risikoen som svært låg på nåverande tidspunkt. Me har ei god og stabil kontantbeholdning som er plassert i bank med tilhøyrande låg risiko, og ein solid eigenkapital. Jærmuseet har låg gjeldsgrad og overheld dei løpande pliktene. Ein overgang til forsikra tenestepensjon for dei fleste av dei tilsette i 2020 gjer at me står betre rusta med tanke på framtidige pensjonsplikter.

I løpet av 2020 har Jærmuseet ferdigstilt nytt underjordisk magasin og nytt administrasjonsbygg på Kvia. Ein aukande bygningsmasse gir eit høgare forvaltningsansvar, og aukar samstundes kostnadane. Kulturdepartementet og Hå kommune har bidrege til finansieringa av bygga, men ein stor del av byggekostnadene er også dekkja av museet sine egne midlar – som me vil måtte bygga opp igjen over fleire år.

*Styret vil takka alle tilsette i Jærmuseet for godt utført arbeid i 2020!*


I februar arrangerte museet i samarbeid med Kulturdepartementet eit seminar om vitensenter og museum. Deltakarane fekk ei omvising i det nye magasinet.

Foto: Helene Østby Larsen, Jærmuseet



### Fordeling av inntekter 2020

Sponsormidlar og prosjektmidlar er kun brukte midlar i 2020. For mottekne midlar i 2020 sjå årsrekeskapen, note 3.



### ORGANISASJON

Pr. 31.12.2020 hadde styret i Jærmuseet desse medlemmene:

#### Styret

Endre Skjørestad, styreleiar  
 Eli Ulveseter  
 Reid Ivar Bjorland Dahl (permisjon frå 01.01.21)  
 Henry Tendenes  
 Jonas Skrettingland, nestleiar  
 Kjetil Maudal  
 Øystein Stjern  
 Knut Olaf Eldhuset  
 Anja Berggård Endresen  
 Unni S Fuglestad  
 Sigbjørn Stangeland  
 Siv Renate Salte Mjåtveit

oppnemnd på fritt grunnlag  
 oppnemnd på fritt grunnlag  
 Rogaland fylkeskommune  
  
 Gjesdal kommune  
 Hå kommune  
 Klepp kommune  
 Randaberg kommune  
 Sandnes kommune  
 Sola kommune  
 Time kommune  
 tilsett  
 tilsett

#### Vara:

Torleiv Bilstad  
 Torleiv Bilstad  
 Svanhild Løge Skålheim  
  
 Torbjørn Fjermestad  
 Svein Høyland  
 Else Hauge  
 Ivar Walde  
 Julian F Osorio  
 Stian Lie Hagen  
 Petter L Stabel  
 Stian Ravndal  
 Ingunn Aase Hovelsrud

## Årsverk

Jærmuseet hadde i 2020 66,6 årsverk inkl. vertar, ekstrahjelp og tre konservatorar som er del av museumstenestene i Rogaland. Dette er ein nedgang på 7,5 årsverk i høve til 2019. 56,3 av årsverka er faste og mellombels tilsette. 10,3 årsverk er vertar og timeløna ekstrahjelp. Eitt av årsverka var vertar og timeløna ekstrahjelp. Permitteringane i vår utgjorde totalt 6,5 årsverk inkludert vertar. Lågare aktivitet og tilnærma ingen arrangement i siste halvår gjorde at me då brukte ca 1,6 årsverk mindre vertetimar enn normalt. Totalt på året blei det ca 4 årsverk færre vertar. Me har i tillegg hatt 3,5 årsverk færre faste tilsette grunna periodevis vakante stillingar og ein reduksjon av stillingar frå Samlingsteam Rogaland til dagens konserveringsteam som del av Museumstjenestene i Rogaland.

Det har blitt utført 0,1 årsverk av innleigd arbeidskraft for avdelinga Science Circus og 3,6 årsverk er utført av frivillige ved ulike avdelingar. I gjennomsnitt fekk 124 personar løn eller honorar frå Jærmuseet kvar måned i løpet av året, medan det totalt blei rapportert inn 227 unike personar til skatteetaten for 2020. Gjennomsnittsalderen er 46 år for faste og mellombels tilsette, og 23 år for vertar/timeløna. Alle tilsette nyttar eit elektronisk timeregistreringssystem som gir oversyn over kor ein har arbeida, og kva oppgåver ein har arbeidd med.

### Administrative system


Museet har oppdaterte og profesjonelle administrative system og nyttar elektronisk post og arkiv så langt det let seg gjera. Dette gjeld elektronisk nyheitsbrev, brukarundersøkingar, inngående og utgåande faktura, timeregistrering, ordrestadfestingar og anna.



Museumslektor Knut G. Austad har i mange år hatt formidlingsopplegg med rydding i kulturlandskap som tema. Her er elever i gang på Limagarden.

Foto: Unn Iren Skretting Thorsen, Jærmuseet

## Utførte årsverk fordelt på dei ulike avdelingane og anlegga i 2020



\* Konserveringsteamet/museumstenestene sine arbeida timar for andre museum er tekne ut frå denne oppstillinga

### Likestilling

Jærmuseet har ei overvekt av kvinnelege tilsette. Av dei 63 faste og mellombels tilsette per 31.12.2020, er 39 kvinner og 24 menn. Rekna i årsverk er det 34 årsverk kvinner og 23 årsverk menn. 59 % av vertane er kvinner. Direktør og to avdelingsleiarar er kvinner, tre avdelingsleiarar er menn. Styret består av fire kvinner og åtte menn, inkludert styreleiar.


### Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Jærmuseet hadde i starten av 2020 avtalar med NAV og eitt anna firma som jobbar på oppdrag frå NAV, om arbeidstrening og arbeidspraksis i løpet av året. To personar har jobba på ulike avdelingar i vår organisasjon gjennom denne typen ordningar. Dei har utført om lag 0,2 årsverk for museet.

Sjukefråværet blant faste og mellombels tilsette var i 2020 på 3,2 %. Dette er vesentleg lågare enn året før, trass i koronapandemien og strenge karantenerreglar i samfunnet. Det fordeler seg på 0,84 % eigenmeldt, 0,56 % sjukemeldt korttidsfråvær og 1,84 % langtidsfråvær. Fråværet blant vertar er på 2,5 %, kor 1,8 % er eigenmeldt og 0,7 % er sjukemeldt fråvær.

Verksemda driv systematisk HMS-arbeid med særlege HMS-tema for kvar måned. Arbeids- og miljøutvalet består av fire representantar frå dei tilsette, inkludert hovudverneombod, og fire representantar frå leiinga, inkludert direktør. Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Jærmuseet blir vurdert som godt, noko som blir stadfesta i årlege arbeidsmiljøundersøkingar gjennomført i regi av AMU. Museet har skriftlege retningslinjer

## Fordeling av årsverk på arbeidsområde



Arbeidsoppgåver innan	2019	%	2020	%
ADMINISTRASJON OG DAGLEG DRIFT*	12,4	18,9 %	12,0	18,9 %
DRIFT AV BYGG OG KAFE	18,3	27,7 %	17,4	27,7 %
FORMIDLING	24,9	37,9 %	19,4	37,9 %
NYE UTSTILLINGAR	4,1	6,3 %	1,8	6,3 %
SAMLINGAR OG ANTIKVARISKE HUS	6,1	9,2 %	7,0	9,2 %
<b>TOTALE ÅRSVERK</b>	<b>65,8</b>	<b>100 %</b>	<b>57,6</b>	<b>100 %</b>
Fråvær	5,6		3,8	
Permittering			4,0	

\*Posten administrasjon inneheld i tillegg til fullt integrerte støttefunksjonar som IT, økonomi og personadministrasjon, også dagleg leingi

for konflikthandtering og varsling av kritikkverdige forhold. I 2020 vart det gjennomført ei ekstra undersøking rett før sommarferien, for å kartleggja korleis heimekontor og permittering påverka dei tilsette.

#### Ytre miljø

Drifta av Jærmuseet ureinar ikkje det ytre miljøet.

#### Skadar og ulukker

Sommeren 2020 var det dessverre ein vass-lekkasje på Vitenfabrikken som følgje av eit takvatn-eksperiment og store nedbørmengder. Skadane blei utbetra og kostnadene dekkja av forsikringsselskapet.

#### Planar vedtatt av styret

I løpet av 2020 har styret vedtatt ny forretningsplan, rullering av sikringsplan og rullering av formidlingsplan for barn og unge. Jærmuseet har elles ein overordna strategiplan, formidlingsplan, forskingsplan, marknadsplan, innsamlingsplan, plan for registrering og katalogisering og bevaringsplan.

#### Lov om diskriminering og tilgjenge

Alle nye tiltak/planer blir vurdert ut frå prinsippet om universell utforming. Men mange av dei antikvariske bygga og eldre publikumsbygg krev betydelege investeringsmidlar dersom desse skal fylla krava om

universell utforming.

Museet sine heimesider følgjer Difi sine retningslinjer for universell utforming.

Følgjekort blir akseptert på alle avdelingane.

#### Framleis drift

Årsrekneskapen for 2020 er sett opp under føresetnad om framleis drift. Solid økonomi og sunn drift gjer at me framleis har eit god handlingsrom. Museet vil likevel førebu og tilpassa organisasjonen til endra rammevilkår. Det blir med dette stadfesta at institusjonen har føresetnader for å driva vidare.

#### Utgreiing om årsrekneskapen og resultatdisponering

Styret meiner at framlagd rekneskap og balanse med notar viser verksemda sitt resultat for 2020 og økonomisk stilling ved årsskiftet.

Det har ikkje oppstått forhold etter rekneskapsårets slutt som har innverknad på vurderinga av rekneskapen.

Rekneskapen viser eit årsresultat på kr 4 772 224.

I løpet av fem sommarkvelder i juni, vart det arrangert ein konsertserie i Knudaheio. Artistane Jorunn Undheim, Bjørge Verbaan, Bjarte Lending, Hanne Vasshus og Torbjørn B. Eriksen bidrog til flotte opplevingar.

Foto: Inger Undheim, Jærmuseet



← I desember hadde me ein digital adventskalender der ein tilsett kvar dag overtok "historia" på instagram. Her er prosjektmedarbeidar Hannah Erslund i sving.

Foto: Elisabeth Tunland, Jærmuseet

→ Då Noreg gjekk i «lock-down» produserte Jærmuseet enkle filmsnuttar med eksperiment som kunne gjerast heime, anten med familien eller som ein del av heimeskolen. Born til tilsette bidrog som gode skodespelarar!

Foto: Instagram, Science Circus



← Roald Bergsaker, Magnhild Meltveit Kleppa og Hallgeir Langeland mottok heiderspris frå Rogaland mållag! Ekstra giltid at diplommet seier det er «for godt politisk handverk i arbeidet med etableringa av Garborgsenteret og Lølandsenteret». Me er svært takknemlege for at me har så gode støttespelarar!

Foto: Inger Undheim, Jærmuseet

Nærbø, 25.februar 2021

*Endre Skjørestad*

Endre Skjørestad

*Svanhild Løge Skålheim*

Svanhild Løge Skålheim

*Knut Olaf Eldhuset*

Knut Olaf Eldhuset

*Kjetil Maudal*

Kjetil Maudal

*Unni S Fuglestad*

Unni S Fuglestad

*Sigbjørn Stangeland*

Sigbjørn Stangeland

*Siv Renate Salte Mjåtveit*

Siv Renate Salte Mjåtveit

*Jonas Skrettingland*

Jonas Skrettingland

*Oystein Stjern*

Oystein Stjern

*Anja Berggård Endresen*

Anja Berggård Endresen

*Henry Tendenes*

Henry Tendenes

*Eli Ulveseter*

Eli Ulveseter

*Måfrid Snørteland*

Måfrid Snørteland

Direktør

## OPNE PUBLIKUMSARRANGEMENT 2020

- i regi av Jærmuseet

### Vitenfabrikken

2.02	Øglænd 150, Lesestund for barn med J. Rostøl, omvising i utstilling med Beathe Øglænd	26.09	Forskningsdagene 2020: Hjernene er stjernene
7.-8.02.	Sandnes Skaperfestival	3.-11.10	Høstferieprogram
22.02.-1.03	Vinterferie med energi og spel	18.10	Aktivitetsdag: Mølledag
8.03	Familiedag: Mattetriks og mattemagi med mellom anna Kevin Lunde	20.10	Foredrag med Holmboeprisen vinneren i matematikk, forfatter Hanan M. Abdelrahman
JULI	Sommarprogram	25.10	Svigerfordagen
12.09	Byvandring: Bli kjent med Sandnes gjennom de gode fortellingene	07.11	Regional finale, First Lego League

### I tillegg:

UngdomsMakerspace og Eksperimentkveld for barn kvar onsdag kveld utanom ferier og når det var «koronastengt».

### Vitengarden

22.02.-1.03	Vinterferie med koding	3.-11.10	Haustferieprogram med potetoptak
JULI	Sommarferieprogram med ulike aktivitetar		

### Tungenes fyr

30.01	Torsdag på Tungenes: Susanna og David Wallumrød	14.-15.09	Jon Fosse: Eg er vinden
28.06	Open dag: Motorgruppa på Tungenes	17.09	Torsdag på Tungenes: Maria Navarro og Skaranger og Tiril B. Aakre
1.09	Konsert med Fliflet og Burgess: Fyr og flamme		

### Knudaheio

17.-21.06	Konsertserie: Sommarkveldar på Knudaheio	19.06	Splittkonsertl Bjarne Lending/Jorunn Undheim/Bjørge Verbaan
17.06	Der draumar sviv: Haugtussakonsert. Jorunn Undheim og Bjørge Verbaan	20.06	Splittkonsert. Hanne Vasshus/Jorunn Undheim/Bjørge Verbaan
18.06	Viser på jærsk. Jorunn Undheim og Bjørge Verbaan	21.06	Den bortkomne Faderen-opplesing og Haugtussakonsert. Torbjørn B. Eriksen, Jorunn Undheim og Bjørge Verbaan

### Garborgsenteret

14.01	Sau i litteraturen. Foredrag ved Stian Ravndal (Bjerkreim bibliotek)	4.02	Griegs Haugtussa-singar. Kåseri ved Per Dahl
18.-25.01	Garborgdagar 2020	13.02	Utstillingsopning (kafé): Hanna Isabel Aguirre
18.01	Utstillingsopning: Ketil Kinden Endresen, Haugtussa: Eit skogsbad	14.02	Knudaheio som minnestad. Foredrag ved Inger Undheim (Hå kulturorg)
19.01	Kolbotnbrev. Høgtlesing ved Torbjørn Eriksen	22.02	Aktivitetsdag: Hurra for Hulda!
19.01	Skriv deg til mor, Hulda! Samtale med Aina Villanger	22.02-1.03	Vinterferie-aktivitetar
20.01	Codex, Paulus og Garborg. Samtale med Tom Egeland og Stein Ødegård	24.02	Teater Avvik: Trollfar. Barneteater
21.01	«What would Enok do?» Bokprat og konsert med Kristine Hovda	28.02	Sau i litteraturen. Foredrag ved Stian Ravndal (Hå kulturorg)
22.01	Den såre striden – vinter med Garborg. Foredrag ved Ingrid Z. Aanestad	26.09	Museumslørdag
22.01	Slam! Eit uformelt meisterskap	17.10	Straffesparkets historie. Nils Henrik Smith og Ørjan Z. Johansen
23.01	Politikaren Arne Garborg. Foredrag ved Bjørn K. Nikolaysen	19.10	Lyset du treng finst. Helge Torvund og Inger Undheim (Sølvberget/Kapittel 2020)
23.01	Ordkunstnaren Garborg. Foredrag ved Sylfest Lomheim	19.10	Straffesparkets historie. Nils Henrik Smith og Ørjan Z. Johansen (Sølvberget/Kapittel 2020)
24.01	Ta ein trall for Arne Garborg. Barnehagearrangement	12.11	Nynorske kvinner i litteraturhistoria. Foredrag ved Inger Undheim
25.01	«Ane Olina Garborg - dikterens mor». Foredrag ved Sigbjørn Reime	5.12	Julekonsert: Signe Irene Time og Anders Gjørver

### Flyhistorisk Museum Sola

8.05	Markering av frigjeringsjubileet og utstillingsopning «Fortellinger frå andre verdenskrig»	4.08	Frakt av DC-6B frå Stavanger Lufthavn Sola til Flyhistorisk Museum Sola
2.06	Velkomst av DC-6B, Stavanger Lufthavn Sola		

### Vistnestunet

7.06	Søndagskafé	6.09	Seinsommarope
14.06	Søndagskafé	27.09	Aktivitetsdag: Traktor- og korndag
28.06	Søndagskafé	28.-29.11	Aktivitetsdag: Jul på Vistnestunet
18.08	Planleggingsdagope		

### Limagarden

29.08	Aktivitetsdag: En reise til fortiden		
-------	--------------------------------------	--	--



← Matematikk-konkurransen for vidaregåande skular vart litt forseinka, men likevel gjennomført i juni. Glade vinnarar frå Tryggheim vgs.

Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet

→Konsertserien «Torsdag på Tungenes», her med Building Instrument.

Foto: Anders Jaarvik, Randaberg kommune



Tema for Forskningsdagene 2020 var Hjernene. I samband med det vart det arrangert ein aktivitetssdag på Vitenfabrikken med spennande aktivitetar.

Foto: Helle Kristiansen, Jærmuseet



## FORDELING PÅ KLASSESTEG OG ANLEGG I 2020 OG 2019: medrekna Hå gamle prestegard

	Vitengarden		Vitenfabrikken		Science Circus		Garborgsenteret**		Tungenes fyr		Grødal/Varden		Limagarden		Haugabakka		Vistnestunet		FMS		SUM Jærmuseet		HGP		SUM inkl. HGP	
	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019
<b>Barnehagar</b>	1 730	3 486	720	2 957	0	0	254	340	0	0	85	0	0	226	60	167	12	0	0	0	2 861	7 176	2 861	7 176		
<b>Barnetrinnet</b>	5 402	8 103	5 408	10 133	4 267	12 945	237	1 036	199	72	0	27	491	1 577	235	98	725	233	0	210	16 964	34 434	16 964	34 434		
<b>Ungdomstrinn</b>	1 649	2 892	4 473	5 041	2 152	1 833	849	3 248	49	565	0	90	263	144	0	17	0	52	370	25	9 805	13 907	9 805	13 907		
<b>Vgs. skular</b>	463	738	1 092	2 685	72	814	546	964	7	13	0	26	0	26	0	0	7	0	102	173	2 289	5 439	2 289	5 439		
<b>SFO, fritidsgr.</b>	433	1 391	799	1 991	58	0	106	129	0	0	290	360	250	250	0	0	190	225	0	0	2 126	4 346	2 126	4 346		
<b>Studentar</b>	199	442	419	717	0	0	14	144	0	19	0	52	49	29	0	0	0	0	282	443	963	1 846	963	1 846		
<b>Sum</b>	<b>9 876</b>	<b>17 052</b>	<b>12 911</b>	<b>23 524</b>	<b>6 549</b>	<b>15 592</b>	<b>2 006</b>	<b>5 861</b>	<b>255</b>	<b>669</b>	<b>375</b>	<b>555</b>	<b>1 053</b>	<b>2 252</b>	<b>295</b>	<b>282</b>	<b>934</b>	<b>510</b>	<b>754</b>	<b>851</b>	<b>35 008</b>	<b>67 148</b>	<b>377</b>	<b>500</b>	<b>35 385</b>	<b>67 648</b>
<b>Ferie/fritid</b>	18 701	25 749	26 624	38 201	452	696	4 250	8 096	11 759	16 580	153	635	156	907	0	841	2 664	4 866	10 164	6 574	74 923	103 145	20 000	32 500	94 923	135 645
<b>Bedrift/utleige</b>	3 768	7 675	3 864	8 901	316	87	933	1 342	30	129	0	0	83	365	0	0	38	129	286	1 253	9 318	19 881	370	2 000	9 688	21 881
<b>Sum i alt *</b>	<b>32 345</b>	<b>50 476</b>	<b>43 399</b>	<b>70 626</b>	<b>7 317</b>	<b>16 375</b>	<b>7 189</b>	<b>15 299</b>	<b>12 044</b>	<b>17 378</b>	<b>528</b>	<b>1 190</b>	<b>1 292</b>	<b>3 524</b>	<b>295</b>	<b>1 123</b>	<b>3 636</b>	<b>5 505</b>	<b>11 204</b>	<b>8 678</b>	<b>119 249</b>	<b>190 174</b>	<b>20 747</b>	<b>35 000</b>	<b>139 996</b>	<b>225 174</b>

\*Inkl. Tranegården galleri

\*\*Inkl. tal frå Garborgheimen og Knudaheio

\*\*\*I tillegg besøker årleg rundt 20 000 Hå gamle prestegard som turområde, og 30 000 nyttar Hanabergsmarka kulturminne- og friluftsområde.

FMS= Flyhistorisk Museum Sola, Torpedoverkstedet

HGP= Hå gamle prestegard



← Vitengarden starta opp eit nytt undervisningsopplegg, kjemi og fløytekaramellar.

Foto: Marianne Hægstad Risdal, Jærmuseet

→ Som ein del av feriekubbitilbodet på Grødal/Varden og Limagarden, besøkte barna Vitengarden. Her fekk dei sjå nærare på krypdyr i vatn.


Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet




8. mai vart markert saman med Sola kommune. Ein kortesje med militærhistoriske køyretøy køyrde frå minnesmerket over russiske krigsfangar til Torpedoverkstedet. Direktør Målfrid Snørteland fekk sitja på.

Foto: Jan Erik Holmen


## BESØKSUTVIKLING 2007-2020



## SKULE- OG BARNEHAGEBESØK PER KOMMUNE 2020



## FORDELING BESØKSTYPE 2020



## REKNESKAP

### Resultatrekneskap

	Note	2020	2019
Salsinntekter		3 278 927	4 553 511
Billett/arrangementsinntekter		4 100 273	5 818 129
Faste offentlige tilskot	2	52 036 785	48 946 752
Tilskot prosjekt	3	24 246 635	21 769 707
Avsetningsplikt ubrukte prosjekttilskot	3	-9 103 139	-3 729 932
Medlemskap/annonsar		70 722	145 133
Andre inntekter	4	796 817	1 127 781
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>75 427 020</b>	<b>78 631 081</b>
Varekostnader		1 615 065	2 099 673
Personalkostnader	5	41 124 354	47 904 791
Inventar og utstyr		2 799 011	3 905 719
Driftskostnader bygg/anlegg		7 708 349	5 684 528
Vedlikehold utstyr/samlinger		1 491 617	1 318 713
Produksjon utstillinger		6 886 247	4 109 833
Kontor og administrasjonskostnader		2 007 646	1 718 936
Reiser/kurs/transport		942 506	1 994 057
Marknadsføring/publikumskostnader		2 663 091	2 875 660
Avskrivningar	6	2 299 690	2 152 935
Kjøpte tenester	7	585 336	927 995
Andre driftskostnader	8	1 148 283	1 395 494
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>71 271 195</b>	<b>76 088 334</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>4 155 825</b>	<b>2 542 747</b>
Renteinntekter		703 319	1 199 911
Renter byggetrinn II VF		-15 224	-25 606
Renter investering GS		-71 646	-115 406
Renter magasinbygg			
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>4 772 224</b>	<b>3 601 627</b>
Overført prosjekt		4 000 000	3 500 000
Overført annan egenkapital		772 224	101 627
-			

## Balanse

	Note	2020	2019
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
Byggetrinn 1&2	1,6	19 482 976	20 172 809
Anlegg	6	32 355 035	42 929 805
Kontorinventar/utstyr	6	3 982 975	3 620 894
EDB-utstyr/kassasystem	6	892 220	194 181
Bilar/transportmidlar	6	998 992	1 087 204
Samlingar		200 000	200 000
<b>Sum varige driftsmidlar</b>		<b>57 912 198</b>	<b>68 204 893</b>
<b>Sum finansielle anleggsmidlar</b>			
Innskot COOP		6 405	6 405
Eigenkapitaltilskot KLP		808 084	808 084
KulturIT AS	11	200 000	200 000
Andre aksjer/andelar	11	32 000	32 000
<b>Sum finansielle anleggsmidlar</b>		<b>1 046 489</b>	<b>1 046 489</b>
<b>Sum anleggsmidlar</b>			
		<b>58 958 687</b>	<b>69 251 382</b>
<b>OMLØPSMIDLAR</b>			
Varelager	9	1 009 478	1 052 644
<b>FORDRINGAR</b>			
Kundefordringar		1 422 908	4 269 846
Meirverdiavgift		1 401 969	709 835
Andre kortsiktige fordringar		1 221 802	1 253 896
<b>Sum fordringar</b>		<b>4 046 679</b>	<b>6 233 577</b>
<b>Sum omløpsmidlar</b>			
		<b>55 522 763</b>	<b>50 940 548</b>
<b>Sum eigedelar</b>			
		<b>114 481 450</b>	<b>120 191 930</b>

## Balanse

	Note	2020	2019
<b>EIGENKAPITAL</b>			
Grunnkapital		200 000	200 000
Fond vedlikehald	12	4 946 572	4 946 572
Fond prosjektavsetning	12	18 500 000	14 500 000
Annan eigenkapital	12	9 581 734	8 809 510
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>33 228 306</b>	<b>28 456 082</b>
<b>GJELD</b>			
<i>Ubrukte øymerka midlar</i>			
Ubrukte midlar, byggetrinn 1 og 2	1,3	19 738 164	20 427 997
Ubrukte midlar, magasin og kontorbygg	3	7 337 967	21 976 358
Andre øymerka tilskot	3	31 812 099	26 011 419
<b>Sum ubrukte øymerka midlar</b>		<b>58 888 230</b>	<b>68 415 774</b>
<b>Sum gjeld</b>			
Pensjonsforpliktelser	5	8 720 544	8 307 409
Langsiktig gjeld Hå komm.		288 000	288 000
<b>Sum gjeld</b>			
		<b>9 008 544</b>	<b>8 595 409</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>			
		<b>114 481 450</b>	<b>120 191 930</b>

Nærbo, 25. februar 2021

  
 Endre Skjørestad

  
 Svanhild Løge Skålheim

  
 Knut Olaf Eldhuset

  
 Kjell Maudal

  
 Unni S Fuglestad

  
 Sigbjørn Stangeland

  
 Siv Renate Sälte Mjåtveit

  
 Jonas Skrettingland

  
 Øystein Stjern

  
 Anja Berggård Endresen

  
 Henry Tendenes

  
 Eli Ulveseter

  
 Måfrid Snørteland  
 Direktør

## Notar

### NOTE 1 – REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskap 2020 er sett opp i samsvar med rekneskapslova, god rekneskapsskikk og forskrifter om rekneskapsføring.

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld er postar som forfell innan eit år etter innkjøpstidspunktet, og postar som knyter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar er vurdert til det lågaste av anskaffingskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført i balansen med nominelt beløp på tidspunktet for opptak.

Anleggsmidlar er vurdert til anskaffingskostnad. Ved varig verdifall vil anleggsmidlar bli nedskrivne til verkeleg verdi. Langsiktig gjeld er ført i balansen med nominelt beløp på etableringstidspunktet.

#### Vedlikehald

Kostnader til vedlikehald blir ført fortløpande. Oppgradering skal vurderast som investering og aktiverast.

NOTE 2 – TILSKOT TIL DRIFTA	2020	2019
Kulturdepartementet KUD, eks. HGP	19 535 000	18 170 000
Kystverket SD	1 336 075	1 309 877
Rogaland fylkeskommune	9 976 000	9 196 000
Kontingent frå stiftarkommunar	3 114 540	2 995 013
Vertskommunetilskot frå kommunar	9 675 170	9 375 862
Forskningsrådet, vitensenterdrift KD	8 400 000	7 900 000
<b>Sum tilskot</b>	<b>52 036 785</b>	<b>48 946 752</b>

NOTE 3 – ØYREMERKA TILSKOT PROSJEKT	2020
Næringslivet/bedrifter*	9 549 615
Kulturdepartementet (KUD)	4 805 000
Kulturrådet	1 052 692
Forskningsrådet (KD)	852 400
Kunnskapsdepartementet	842 945
Utdanningsdirektoratet	1 300 000
Vitensenterforeninga/Nat.fag.senteret Kulturrådet	626 455
Rogaland fylkeskommune	3 240 000
Kommunar/anna offentleg	1 182 985
Private gaver/inntekt	690 093
Renteinntekter m.m	104 440
<b>Totalt</b>	<b>24 246 635</b>

\*Dette inkluderer følgjande bidragsytare: Equinor, Forus Næringspark, Vår Energi, Ludvig Braathens fond, Aker BioMarine AS, Lyse, Sparebankstiftelsen SR-Bank, Oceaneering AS, Sandnes Sparebank.

#### Overførte prosjektmiddel

Tilskot 2020	24 246 635
Brukt 2020	15 143 496
<b>Ubrukte tilskot</b>	<b>9 103 139</b>

#### IB 2020:

Bygg Vitengarden 01.01.20	20 427 997
Øymerka tilskot 01.01.20	47 987 777
<b>Sum IB 01.01.20</b>	<b>68 415 774</b>
Nettoført midlar mot magasinbygg	-18 630 683
Brukte tilskot 2020	9 103 139
<b>Overført til 2021</b>	<b>58 888 230</b>
Bygg Vitengarden 31.12.20	19 738 164
Øymerka tilskot 31.12.20	39 150 066

## Notar

NOTE 4 – ANDRE INNTEKTER	2020
Refusjon diverse utlegg	665 832
Kundeutbytte	40 316
Jordbruksinntekt	29 852
Oppdrag/Kurs/Bilete	24 864
Diverse	35 953
<b>Totalt</b>	<b>796 817</b>

NOTE 5 – TILSETTE OG GODTGJERSLER	2020
-----------------------------------	------

#### Spesifikasjon personalkostnader

Lønskostnader	32 145 539
Honorar	190 970
Arbeidsgjevaravgift	4 332 055
Pensjonskostnader	3 981 052
Personalforsikring	101 199
Andre personalkostnader	373 539
<b>Totalt</b>	<b>41 124 354</b>

Løn til dagleg leiar utgjorde kr 978 820

Honorar til styreleiar kr 50 000

Det er ikkje gitt lån eller stilt sikkerheit for lån til direktør, styremedlemmar eller tilsette i stiftinga.

#### Spesifikasjon av pensjon

Stiftinga Jærmuseet sitt pensjonsansvar er regulert i tariffavtalen, «Landsoverenskomst for museer og andre kulturinstitusjoner» og var fram til 31.12.2019 dekket med tenestepensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse, KLP.

Frå 01.01.2020 vart alle 100% arbeidsføre tilsette, under 52 år, overført til ny pensjonsordning levert av Storebrand. Ny ordning er såkalla hybridpensjon med avkastningsgaranti. Denne ordninga gir livsvarig utbetaling av pensjon og omfattar òg uførepensjon. Ektefellepensjon og barnpensjon er ikkje omfatta av ordninga, men er erstatta av utvida gruppelivsforsikring på 10G. I tillegg er det etablert privat AFP-ordning for dei som har pensjonsordning via Storebrand.

Tilsette som ikkje er overført til ny pensjonsordning fortset oppteninga i KLP, inkludert offentleg AFP-ordning. Alle nye tilsette vert meldt inn i ny ordning.

#### Tal for pensjonskostnad og pensjonsskyldnader iflg. NRS-berekning 2020 KLP

Medlemsstatus:	2020	2019
Tal aktive	22	28
Tal oppsette	278	295
Tal pensjonar	29	23
Gjennomsnitts pensjonsgrunnlag	427 676	399 045
Gjennomsnitts alder	59,75	34,96
Gjennomsnitts tenestetid	15,28	5,71



## Notar

Netto pensjonskostnader	2020	2019
Opptening	2 168 718	6 355 567
Rentekostnad	1 247 776	1 464 973
Br. pensjonskostnad	3 416 494	7 820 540
Forventa avkastning	-1 873 855	-1 912 752
Adm.kostn/rentegaranti	165 749	225 862
Nto. Pensjonskostnad	1 708 388	6 133 650
Arb.gj.avg. nto. pensj.kostnad inkl adm.kost	231 863	864 845
<b>Netto pensjonskostnader</b>	<b>1 940 251</b>	<b>6 998 495</b>

Pensjonsskyldnader	2020	2019
Påløpne pensjonsskyldnader	58 864 305	52 855 842
Pensjonsmidlar	52 994 872	49 495 103
Nto. skyldnad før arbeidsgiveravgift	5 869 433	3 360 736
Arb.gjevaravgift	827 590	473 864
Nto. skyldnad inkl arbeidsgiveravgift	6 697 023	3 834 600
Estimatavvik	1 773 461	3 920 073
Estimatavvik arbeidsgiveravgift	250 060	552 732
<b>Netto pensjonsmidlar/ -skyldnad inkl. arb.g.avgift</b>	<b>8 720 544</b>	<b>8 307 405</b>

Grunnlag for utrekningar	2020	2019
Diskonteringsrente	1,70 %	2,30 %
Forventa lønsvekst	2,25 %	2,25 %
Vekst grunnbeløp folketrygd	2,00 %	2,00 %
Forventa pensjonsregulering	1,24 %	1,24 %
Forventa avkastning fondsmidlar	3,10 %	3,80 %

### NOTE 6 – VARIGE DRIFTSMIDDEL

Jærmuseet har næringslivsforsikring med dekning for skade på publikum, egedelar og driftstap. Våre bygg er fullverdiforsikra. Premiegrunnlag for hovudbygget på Nærbø er kr 107 856 000. For våre andre eigedommar var premiegrunnlaget i 2020 totalt kr 56 257 510, der det underjordiske magasinet utgjør kr 27 428 000 av dette talet.

	BYGNINGAR		
	Trinn 1	Trinn 2	Sum
Bokført 01.01.20	9 626 193	10 546 616	20 172 809
Avskrivning 2020	370 239	319 594	689 833
<b>Kostpris 31.12.20</b>	<b>18 511 918</b>	<b>15 979 718</b>	<b>34 491 636</b>
Tot.nedskr. pr. 31.12.20	9 255 954	10 227 022	19 482 976

Varige driftsmidlar i tabellen over er hovudsakleg finansierte med offentlege tilskot.

## Notar

Eigedom som er finansiert med offentlege midlar kan ikkje danna grunnlag for pant til lån utan samtykke frå kulturdepartementet. Den kan heller ikkje omsetjast i den vanlege eigedomsmarknaden.

	Inventar/ utstyr	EDB-utstyr/ system	Transport- midlar	Bygg og anlegg	Tomter	Sum
Bokført 01.01.20	3 620 897	194 181	1 087 209	42 806 733	123 080	<b>47 832 100</b>
Tilgang 2020	1 326 464	802 594	294 000	8 214 620		<b>10 637 678</b>
Nettoføring 2020				18 630 683		<b>18 630 683</b>
Ord. avskrivning	964 384	104 555	382 210	158 707		<b>1 609 856</b>
<b>Bokført 31.12.20</b>	<b>3 982 977</b>	<b>892 220</b>	<b>998 999</b>	<b>32 231 963</b>	<b>123 080</b>	<b>38 229 239</b>

Jærmuseet nyttar kr 50 000 som nedre beløpsgrense ved vurdering av balanseføring kontra resultatføring av varige driftsmiddel. Det vert nytta lineær avskrivning.

NOTE 7 – KJØPTE TENESTER	2020
Innleigd konsulent Science Circus	74 400
Konsulenthjelp/kostn byggesaker	62 480
Innleigde konsulenttenestar utstilling/formidling	121 462
Revisjonstenester	90 335
Juridisk/HR bistand	31 175
Vakthald/guiding temamuseum	19 232
Posttenester	63 158
Diverse tenester	77 266
Konsulenthjelp datasystem	34 812
Innleigd hjelp gardsdrift	39 041
<b>Total</b>	<b>585 336</b>

Revisjonshonorar utgjør i 2020 kr 90 335.

NOTE 8 – ANDRE DRIFTSKOSTNADER	2020
Møteutgifter/representasjon/gåver	84 929
Kontingentar	293 358
Utleigg med refusjon	550 994
Publikasjoner/dokumentasjon	62 500
Renter, gebyr og valuta	51 608
Kostnader gardsdrift	104 715
<b>Total</b>	<b>1 148 104</b>

## Notar

### NOTE 9 VARELAGER

Varelageret som består av ferdigvarer, er opptelt pr. 31.12.2020 og verdien er vurdert til inntakskost.

### NOTE 10 BUNDNE MIDDEL

Av totale bankinnskott på kr 50 466 606 utgjør kr 1 373 494 bundne skattetreksmidlar. Totale bundne midlar knytt til øyremerka prosjekt utgjør kr 38 632 394, herunder kr 7 337 967 knytta til bygging av nytt administrasjonsbygg på Kvia.

### NOTE 11 AKSJER

Jærmuseet eig 200 aksjer pålydande kr 1 000 per aksje i KulturIT AS, samt andelar i Nores SA til ein verdi av kr 20 000 og Nortura SA til ein verdi av kr 12 000.

### NOTE 12 EIGENKAPITAL

Av årets resultat set me av kr 4 000 000 til administrasjonsbygg under oppføring, samt kr 772 224 til fri eigenkapital. Kr 4 946 572 av eigenkapitalen er sett av på eigen konto og merka framtidig vedlikehald. Kr 18 500 000 er sett av til prosjekt og kr 9 581 734 til fri eigenkapital.

[1]

[2]

[3]

[4]

#### BILETTEKST – FRAMSIDE

[1] DC-6B utanfor Flyhistorisk Museum, Sola. Foto: Reidar Årstad

[2] Krus med Garborg-sitat. Foto: Inger Undheim, Jærmuseet

[3] Kodekraft var ein suksess frå dag 1 - og vart levert til over 1000 10. klassingar i Rogaland. Her frå Frøyland ungdomsskule. Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet

[4] Nybygget på Nærbø. Foto: Victoria Bergort, Byggelaget

[1]

[2]

#### BILETTEKST – BAKSIDE

[1] Garborgsenteret ønsker å ikkje berre dokumentera Arne og Hulda sine liv og verk, men gjerne skapa opplevingar, visa nye sider ved dei og gjera dette på originale måter. Eit eksempel her er teikneserien Huldas Heimestell, teikna av formidlar Ørjan Zazzera Johansen. Første stripe vart publisert 17. mars og hadde tittelen «Sjukdom».

[2] Då pandemien sette ein stoppar for det store bryllaupet Anita og Tommy hadde planlagt, valde dei ein mindre vigsel på Vitenfabrikken saman med sine nærmaste. Foto: Steinar Figved, Skylight studio

Stiftinga Jærmuseet er regionalt vitensenter for Sørvestlandet og regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå.


– møtestad mellom natur, kultur & teknologi

[www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no)



Det må me aldri gløyme, at naar helsa sviktar, so er det for det meste me sjølve, som hev skuldi.\*

\* Heimestell, s. 1.



- 1 VITENFABRIKKEN
- 2 VITENGARDEN
- 3 GARBORGSENERET
- 4 GARBORGHEIMEN
- 5 KNUDAHEIO
- 6 TUNGENES FYR
- 7 FLYHISTORISK MUSEUM SOLA
- 8 TORPEDOVERKSTEDET
- 9 GRØDALAND
- 10 LIMAGARDEN
- 11 VISTNESTUNET
- 12 HAUGABAKKA
- 13 VARDEN SJØREDNINGSMUSEUM
- 14 HÅ GAMLE PRESTEGARD



JÆRMUSEET sitt hovudkontor ligg på Vitengarden, Nærbø  
 Besøksadresse hovudkontor: Kviavegen 99, Nærbø  
 Postadresse: Postboks 250, 4367 Nærbø  
 Sentralbord: 477 76 020  
 Epost: [post@jaermuseet.no](mailto:post@jaermuseet.no)

[youtube.com/jaermuseet](https://www.youtube.com/jaermuseet)

[#jaermuseet](https://www.instagram.com/jaermuseet)

[facebook.com/jaermuseet](https://www.facebook.com/jaermuseet)

[www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no)